



Runar er fornøgd med utviklinga i det siste

Den kalde våren gjorde situasjonen håplaus for mange bønder, men godt grover har retta opp svært mykje, Det konstaterar ein av Uskedalens driftige jordbrukarar - Runar Myklebust - som idag er igang med haustinga av graset på Rød. Dei siste to vekene har vore særleg positive. Men i ein periode har Runar kjøpt for frå Hønefoss.

Runar satsar friskt på ei framtid som gardbrukar. No slår han graset på 260 dekar og har 120 dyr med stort og smått. Han har 35 årskyr som mjølkar. Runar har også eit visst innslag av simmental i NRF-flokken.

Det har vore naudsynt med direktesåing for å rette opp att situasjonen. For sin del måtte Runar så 80-90 mål på vårparten med den økonomiske belastinga det innebar. Desto meir tilfreds er han over utviklinga i den siste tida.

På Rød har han pakta rundt 30 mål av Hallvard Rød. Og ikkje berre det: Han har dyrka opp 7-8 nye mål i området ned mot fjorden. Det var dyrka der før, men jobben var ikkje fullført.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

